



## MØTEBOK

### **Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040. Endeleg handsaming**

Utval sak	Utval	Møtedato
67/20	Formannskapet	16.09.2020
55/20	Kommunestyret	30.09.2020

#### **Vedlegg**

- 1** Kommuneplanen sin samfunnsdel
- 2** Høyringsinnspel Samfunnsdel - oppsummering
- 3** Innspel til kommuneplanen si samfunnsdel - Fitjar AP
- 4** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel -Fylkesmannen i Vestland
- 5** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Frode Brakedal
- 6** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel
- 7** Innspel til kommuneplan
- 8** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Statens vegvesen
- 9** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - NVE
- 10** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Barnas repr. v/Serina Sørfonn
- 11** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Avinor
- 12** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Fiskeridirektoratet
- 13** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Fitjar ungdomsråd
- 14** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Dåfjorden Næringsforum
- 15** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Bømlo kommune
- 16** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Fiskarlaget Vest
- 17** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Fitjar Idrettsråd
- 18** Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Vestland fylkeskommune

#### **Bakgrunn:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020 vart handsama i formannskapet PS 41/20 10.06.20 med slikt vedtak:

*«Formannskapet vedtek forslaget til «Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040» og sender den på høyring og offentlig ettersyn ihht Plan- og bygningsloven § 11- 14. Høyringsfristen er 20.08.20»*

Planen vart sendt til høyringsinstansar datert 12.06.20. og annonsert i Bladet Sunnhordland, og på kommunen sine heimesider. Kommunen arrangerte eit ope folkemøte i høyringsfasen 10.08.20

Vestland fylkeskommune har bedt om utsett frist til å gje høyringsuttale, då den krev politisk handsaming i fylkeskommunen som er planlagt 17.09.20. Fylkeskommunen har ikkje fått utsetting, men vi tek imot uttalen når den er vedteken.

#### **Vurdering:**

Det har kome inn 16 høyringsinnspel til planen. Dette vert gjennomgått i eige vedlegg, der administrasjonen har vurdert om kvart enkelt innspel skal føra til tekstendringar i planen eller ikkje. Kommuneplanen er no i slutfase og har gjennomgått ein omfattande

medverknadsprosess og politisk handsaming, så rådmannen har praktisert ein høg terskel for endringar etter høyringsrunden - dei må vera av vesentleg karakter. Det tatt inn ein del endringar både etter innspel frå regionale høyringspartar og lokale innspel.

Til kommuneplanen sin samfunnsdel har sektorstyresmaktene ikkje rett til å reisa motsegn mot planen, men dei peikar på nasjonale og regionale føringar og forventningar til planen sitt innhald.

Rådmannen oppfattar at kommuneplanen sin samfunnsdel i stor grad er i tråd med regionale og nasjonale føringar. Mest presise utfordringar er knytta til arbeidet med beredskap og heilskapleg ROS.

Den juridiske verknaden av kommuneplanen sin samfunnsdel er slik i hht. Plan- og bygningsloven § 11-3

*Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.*

*Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.*

Planen skal gjerast til eit levande styringsinstrument, og prega kommunale prioriteringar og samarbeidet med næringsliv og frivillig sektor framover. Prioritering og rapportering av mål og tiltak i planen vert innarbeida i den ordinære styringsdialogen og årlege styringsdokumenta i kommunen.

#### **Framlegg til vedtak:**

Rådmannen rår formannskapet til å fatta slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek «Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040» i tråd med Plan- og bygningsloven § 11- 15

#### **Behandling i Formannskapet - 16.09.2020:**

Rådmann Olaug Haugen orienterte om arbeidet med innarbeiding av innspel til planen etter høyringsperioden.

Formannskapet drøfta saka.

#### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Kommunestyret vedtek «Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040» i tråd med Plan- og bygningsloven § 11-15.

#### **Behandling i Kommunestyret - 30.09.2020:**

Kommunestyret ga gode skussmål til rådmannen og hennar stab for arbeidet med planen.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Kommunestyret vedtek «Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040» i tråd med Plan- og bygningsloven § 11-15.

Olaug Haugen  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*